




ÅRSMELDING 2021

FOR

IDRETTSLAGET TRIO



Corona





Årsmøte 2021 - Torsdag 10. mars 2022 kl 18:00 på Trio-huset

SAKSLISTE:

- 1. Godkjenning av stemmerett**
- 2. Godkjenning av innkalling og saksliste**
- 3. Valg av ordstyrer og sekretær**
- 4. Valg av to personer til å underskrive protokollen**
- 5. Årsmeldinger**
- 6. Regnskap**
- 7. Innkomne forslag**
- 8. Medlemskontingent**
- 9. Valg**

ÅRSMELDING HOVEDSTYRET - 2021

Hovudstyret

Knut Prestnes, leiar
Hanne Larsen, nestleiar
Egil Jacobsen, kasserer
Knut Årthun, sekretær
Anne Kari Enes, styremedlem

9 styremøter er avholdt i 2021.

Corona-utfordringene har også i 2021 sterkt preget både møte- og idrettslig aktivitet gjennom hele året. Gruppene har håndtert situasjonen meget bra.

Nytt kunstgras på Kvednabekken

Nytt kunstgrasdekke på Kvednabekken ble fullført sommeren 2021.

Kvinnherad Arena

Prosjektet er godt i gang. Anlegget er fullfinansiert. Bl.a har Sparebank 1 stiftinga totalt bidratt med kr 20 mill og Sparebanken Vest har bidratt med kr 2,5 mill til prosjektet.

Jubileum

IL Trio feira 75 år 27.01.2021. Sal av den flotte jubileumsboka har pågått hele 2021 og restopplaget blir forsøkt solgt i 2022.

Økonomi

IL Trio har en sunn og trygg økonomi, mye p.g.a. godt arbeid i gruppene og gode Corona-bidrag fra samarbeidspartnere. Viser til regnskapet. Styret takker alle sponsorer og samarbeidspartnere for et godt samarbeid.

Dugnadsinnsats

Det er fremdeles glimrende dugnadsinnsats i Trio.

Aktivitet / medlemstall

Det er god aktivitet i gruppene, noe årsmeldingene fra gruppene viser.
Totalt medlemstall pr 31.12.2021: 1.019.

Ved forrige årsskifte var det totalt 1.170 medlemmer.

Medlemsoversikt er vedlagt Årsmeldingen.

Styret vil takke alle medlemmer, trenerer, ledere og tillitsvalgte for godt utført arbeid i 2021.

Husnes, 28.02.2022

For styret

Knut Prestnes

Leiar

Vedlegg:

Medlemsoversikt.

Medlemsoversikt

Navn	2020	2021
Trio idrettslag - Totalt	1170	1019
Fotball	578	484
Friidrett	80	92
Svømming	142	104
Triathlon	16	16
Volleyball	93	88
Turn	166	192
Støttemedlemmer	95	43

Årsmelding Onsdagsgjengen 2021.

Våren 2021 var samfunnet stengt på grunn av korona. Det var derfor ingen aktivitet denne våren.

Starta opp med møte i Onsdagsgjengen 24.august. Me har samling kvar tysdag og hadde 18 samlingar totalt om hausten. Det var 15 – 20 godt vaksne triomedlemmer på samlingane.

Fotballdiskusjonar er viktige på møtene. Me tippar resultat på landskampane, i tillegg tippar me 3 topp og 3 botn på ferdigspela eliteserie. Alle tips blir notert i protokoll, og kommentert etter at resultatet er kjent. Sidan tippinga er gratis er det liten premie, men det kan bli "hederlig omtale" for den som tippa best.

Dugnad.

- * Slått gras og rydda utanfor huset
- * Montering av ny snor på flaggstonga.
- * Montering av nytt gelender på supporterbu.
- * 1 dugnad på Kulturhuset i samband med arrangement av Vestlandske teater.

Dersom gruppene har oppgåver som Onsdagsgjengen kan utføra, må dei ta kontakt.

Onsdagsgjengen v/Henning

ÅRSMELDING FOR TRIOHUSET 2021

Styret:

Runar Blokhus (leiar)
Aud Berit Eide
Svein J Mo
Lars Terje Åsen
Aud Åsen

Drifta og aktiviteten på Triohuset er fortsatt sterkt prega av restriksjonar. Sjølv om Triohuset i store deler av året var ope for kontrollert drift, har bruken av huset vore begrensa. Det gjeld både for interne aktivitetar og utleige.

I prosessen med å brannsikre bygget er vi nærme ein oppstart av bygging av utvendig branentrapp fra loft. Branentrappa vil gi etterlengta muligheter for sosiale aktivitetar til Triomedlemmer.

Triohuset er i generelt god stand (viser til konklusjon tilstandsrapport ved Fonnatakst AS). Triohuset har likevel behov for oppgradering for å framstå moderne og tidsriktig. Først på prioriteringslista er skifte av lysarmatur i heile første etasje og på kjøkken i hovedetasje. Tre firma vil gi pristilbod. For å rusta oss i møte med høgare straumprisar har Husstyret planar om å skifta vindu og varmtvannsanlegg. Her er kostnadane så store at vi vil vera avhengig av støtte fra eksterne bidragsytarar

Husstyret har forventningar om at Triohuset skal være eit samlingspunkt for medlemmene i Trio, og på den måten styrka samhørighet og identitet. Triohuset bør også vurdera å utvida bruksområdet. E-sport og fritidsordning har vore nevnt. I samband med å utbedra uteområdet rundt Triohuset er det fleire som har peika på at dette området kunne vore nytta til f.eks trear-bane, fotballtennis, trampolinepark eller liknande.

Husstyret

Årsmelding Trio friidrett 2021



Friidrettsgruppa har hatt eit år med god aktivitet og gode prestasjonar. Vi er ei lita gruppe, og prøver å bygge oss gradvis opp. I året som har gått har vi fått i gong fleire treningsgrupper. Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår. Det er viktig for å nå ut til flest mogleg. Treningsgruppene har i tillegg begynt å bruke Spond til intern informasjon om treningar.

Styrearbeid og -samansetning

Det har vore 3 styremøter gjennom året, tilknytta aktivitetene våre. I tillegg 2 møter med Lions om Løveleikene, som var under planlegging, men måtte avlysast pga koronasituasjonen. I styret har vore Are Ulseth (leiar), Årstein Eik, Arne Torget, Raymond Bård Olsen, Dagfinn Jensen, Ingunn Sæverud Jensen. Det kan vera trond for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem, men vi er i høg grad eit utøvande styre.

Økonomi/støtte

Dette året vart meir beskjedent på økonomisida. Det er etablert ein sponsoravtale med Tysnes Sparebank, som hovudsponsor for friidrettsgruppa. Pr februar 2022 har vi to reklameskilt på stadion. Vi fekk ein betydeleg sum frå Sparebank1-stiftinga til å arrangere Løveleikene, men denne kan ikkje belast ut før stemnet går føre seg i 2022. Vi har også fått løyvd stønad til tidskarbu, som kom på plass på haustparten. Og vi har fått løyve om 190.000 kr til takoverbygg på høgdemattene. Dette prosjektet blir ferdigstilt våren 2022.

Noko investering i utstyr har vi gjort, så vi er avhengig av dei faste fordelingane frå hovudstyret (kontingent, kompensasjonsmidlar, sponsormidlar, grasrotandel) for at budsjettet skal gå i hop. Elles er det eit par år sidan friidrettsgruppa fekk eigen økonomi og ikkje lenger berre høyrer under hovudlaget sitt rekneskap. På denne tida har vi også vist at vi klarar å drive utan årlege driftstilskot frå hovudlaget. For 2021 vart det eit overskot på 20.000 kr, i hovudsak pga ny sponsorstøtte, samt veldig begrensa moglegheiter for aktivitet på eksterne stemner. Dette ventar vi tek seg opp att i 2022.

Aktivitet

Treningar

Vi har hatt stor oppsving på treningsfronten. Som alle andre vart vi slått tilbake av korona-nedstenginga, men det har vore fellestreninger når det har vore mogleg å gjennomføre. Medan det tidlegare var fritt fram for alle å kome på trening i felles gruppe, så har vi no etablert fulle treningsgrupper på 15 faste utøvarar i både 6-7 år, 8-9 år og 10-12 år. Ergo har vi over 40 aktive ungar i friidrettsgruppa no. Vonleg klarar vi å opprett halde det også neste år. Vi har klart å styrke oss med å få med fleire på trenarsida.

Eit fast og godt treningsopplegg for ungdom, i hovudsak kastøvingar, vart etablert i 2018 og er vidareført i år. Først og fremst er Raymond Olsen trenar for sonen sin Ådne, men også 2-3 utøvarar frå Rosendal er med i treningsgruppa. Desse driv veldig aktivt året rundt, med 4-5 treningar i veka.

Med utspring i triathlongjengen er det felles løpstreninger 3 gonger i veka. Vår veldig aktive Triathlongruppe er inkluderande og flinke til å annonsere ulike treningsøkter.

Friidrettsmerke er det stadig mindre interesse for, særleg blant dei yngre. Det har ikkje vore råd å få til opplegg rundt dette.

Arrangement

Dei større arrangementa våre gjekk fløyten med koronaen. Verken Triostafett eller Løveleiker vart arrangert i 2021. Men vi arrangerte Kvinnheradmeisterskapen i friidrett på Husnes stadion. Nøkkelen til suksess er god planlegging og promotering. I stemna ser vi at Trio er godt representert, men det er tyngre å få deltaking frå naboklubbane. I Kvinnheradmeisterskapen var 30 av 43 deltakarar i frå IL Trio.

I tillegg har vi arrangert 6 seriestemner på onsdagar. Deltakinga varierer. Relativt beskjedent på sommarstemna, men heile 51 deltakarar på eit seriestemne i mai. Det er rekord med god margin, vi meinte vi sette rekord med 36 deltakarar hausten-20...!

Bruk av anlegget

Skulane har vore flinke å bruke det flotte friidrettsanlegget vårt, både til trenings/gymtimar og til ulike arrangement. Anlegget er elles mykje brukt til ymse uorganisert trening. Ikkje minst er Trioløypa, turløypa rundt idrettsparken, veldig populær og blir nytta av fleire titals menneskjer kvar dag. I delar av året har løypa vore sperra grunna arbeid med veg til nye Kvinnherad Arena, men no er løypa tilgjengeleg igjen.

Medlemsutvikling

Med auke i treningstilbodet for barn gjennom året, har antal medlemmar gått vidare opp.

Kompetanseutvikling

4 stk har delteke på teoridelen av trenarkurs (på Teams). Vi vonar å få instruktør hit for å køyre praksisdelen til våren. Vi ønskjer også å få til eit dommarkurs i Kvinnherad i løpet av første halvår. Dette vart avlyst pga koronasituasjonen i fjor vår.

Planar

- Øvst blant måla for 2022 står:
- Lokalt trenar- og dommarkurs, evt i samarbeid med øvrige klubbar i Kvinnherad.
- Oppretthalde treningsstilbod for born i alle alderstrinna.
- Takoverbygg til høgde-/stavmattene.
- Bygge kompetanse i bruk av det elektroniske tidtakarsystemet (permanent tilgjengeleg).
- Arrangere eit større friidrettsstemne.

For friidrettsgruppa, leiar Are Ulseth

ÅRSMELDING 2021

TRIO VOLLEYBALL

Styret i IL Trio Volleyball har i 2011 bestått av følgende personer:

Leiar:	Eirik Sævareid
Nestleiar:	Robert Haugland
Kasserer:	Javier Araya
Medlem:	Sille Tars, Gro Rusten Saghaug, Einar Opdal, Frode Dale, Bjørn Erik Eliassen, Marlene Hauge Johansen

Som 2020 vart også 2021 eit spesielt år for Volleyballgruppa som følge av koronapandemien. Då Noreg stengte ned i mars 2020 vart volleyballsesongen i praksis avslutta. På hausten 2020 vart det opna for trening for dei fleste lag, medan det utover i sesongen igjen kom restriksjonar på treningar og kampar. Damelaget spelte ikkje kampar sesongen 2020-2021 som følge av situasjonen. Dei yngre laga har heller ikkje i særleg grad hatt kampaktivitet. Laga har hatt treningar gjennom 2021 når dette har vore tillette ift. smittevernrestriksjonar.

Som følge av coronapandemien har styret hatt færre møter enn normalt. Styret vil jobba for å auke aktiviteten når pandemien tidleg i 2022 ser ut til å vera i ferd med å bli lagt bak oss. Ambisjonen er framleis å byggja opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorлага skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Økonomien i gruppa er god ut frå aktivitets- og kostnadsnivået ein har i dag. Gruppa fekk tildelt ca. NOK 60 000 frå Sparebankstiftinga i Kvinnherad og har kjøpt inn ein servemaskin. Dette er eit verktøy som kan vera nyttig i treningsarbeidet for fleire av laga våre.

Gruppa har forventningar til at ein ny idrettshall kan bidra til eit oppsving for innandørsidrettar i Kvinnherad. Det er framleis diverres store utfordringar med tilstanden på volleyballutstyret (stenger, nett) i Husneshallen – Volleyballgruppa er ikkje nøgd med Kvinnherad Kommune si oppfølging av dette.

Volleyballgruppa synes det er kjekt når tidlegare Triospelarar hevdar seg og i andre klubbar. I den forbindelse er det verdt å nevne at Christine Skogseth Bjørsvik er kaptein for OSI sitt damelag i 1.divisjon – og markerer seg godt på eit lag som kjempar heilt i toppen av divisjonen.

Trio 2.division damer

Stian Petterson har vært trenar for laget sesongen 2020-2021, og fortsetter også som trenar sesongen 2021-2022.

Det har tidvis vært variasjon på treningene pga. varierande oppmøte, noko som tidvis har ført til treningar der det har vært vanskelig å spele saman eit lag. Det har vært fokus på kondisjon og styrke, noko ein er har gitt fortrinn i forhold til fleire andre lag. Laget og spelarane har og utvikla seg i mange fasar av spelet, særleg i forsvarsarbeidet.

Som følge av coronapandemien spelte laget ikkje i særleg grad kampar sesongen 2020-2021. Starten på sesongen 2021-2022 vart gjennomført som normalt, og Trio har pr. februar 2022 spelt 7 kampar og står med 10 poeng. Laget har dermed gode moglegheiter til å fornye kontrakten i 2.divisjon. Som følge av restriksjonar og smitteutbrot i div. lag har fleire kampar blitt utsett, men det ligg an til at sesongen 2021-2022 vil bli gjennomført.

Stamma i laget har vært den same over eit par sesongar, og laget har gjennomført gode kampar mot samtlege lag i divisjonen.

Gutar U17

Denne treningsgruppa vart starta September 2018 og var i 2021 i U17-klasen. Dei trener to ganger i veka i Husneshallen. Gruppa har bestått av ca.10 spelarar, har stort potensiale og vist ei fin stigning i både prestasjonar. Trenarar : Javier Araya og Frode dale

Jenter U15

Denne treningsgruppa vert trena av Sille Tars – laget trenar i Husneshallen to ganger i veka. Laget har bestått av 8-10 spelarar og deltek på serierundar i U15-klassen. Laget viser god utvikling og har stort potensiale vidare framover.

Gutar U15

Gruppa starta som minivolleyball hausten 2018. Spelarane tok i 2021 steget opp i U15-klassen. Som følge av coronapandemien har gruppa spelt få kampar i 2021, men ein vonar at ein igjen kan stille lag i 2022. Trenar er Gro Rusten Saghaug.

Minivolleyball (2021)

Gruppa vart starta opp hausten 2021 og består av ca. 10 gutar der dei fleste er frå Herøysundet. Denne gruppa har stilt fleire lag i serieturneringar sesongen 2021-2022. Gruppa trenar i Husneshallen. Trenar er Bjørg Eli Djuvland Aasgard.

Husnes 28.02.2022

IL Trio Volleyball

Styret.

ÅRSMELDING 2021 TURN

1. Styrets sammensetning

Styret består av 4 kvinner og 2 menn. Leder er Anneli Rønstad, nestleder er Carina Øksnes, kasserer er Trons Gudding, sekretær og webansvarlig er Stian Sund, medlemsansvarlig er Sandra Røssland og arrangementansvarlig er Ann Christin Bruvik Djuve.

2. Styrets arbeid

Pga smittevern har vi dessverre ikke hatt styremøter i 2021. Styret har lagt til rette for at rutiner for smittevern kan overholdes på de ulike partiene. Vi har hatt ønske om å bedre kommunikasjonen med våre medlemmer og har derfor oppdatert og videreutviklet våre nettsider. IL TRIO Turn ønsker å skape og opprettholde identitet til Norges Gymnastikk og Turnforbund (NGTF). Vi har derfor oppdatert våre nettsider slik at de gjenspeile profilen til NGTf. I tillegg har vi endret navn på våre to ungdomsparti fra Tumbling/trampett til Salto.

3. Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Utstyr og anlegg:

Treningen foregår i gymsalen på Underheim Skule som er en flerbruksstall som egner seg godt til lagidrett og ballspill, men er lite egnet til gymnastikk og turn. Det går i snitt 20 minutter av verdifull treningstid til rigging av utstyr. Det er i tillegg vanskelig å ivareta sikkerheten til våre utøvere, fordi takhøyden er på 5 meter, men anbefalingene er på 7 meter. Gymnastene må også bruke korridoren utenfor gymsalen for å få langt nok tilløp. Utstyrslageret vårt har nå sprengt kapasitet, slik at vi ikke kan kjøpe nytt og nødvendig utstyr.

Grener og aktiviteter:

IL TRIO Turn har tilbud til barn og ungdom. Aktivitetstilbudene er Gymleik 3-4 år, Idrettens Grunnstige 5 år, Idrettens Grunnstige 7-8 år, Idrettens Grunnstige 9-10 år og Salto 12 år +.

Beholde våre trenere:

Det er to av våre trenere som sluttet, fordi baret deres ikke ønsket å fortsette på turn.

Beholde ungdom over 12 år i turngruppen:

I løpet av 2020 var det ca seks ungdommer som sluttet. En av ungdommer sluttet som utøver, men har nå begynt som hjelptrener hos oss.

Kjønnsfordeling 50/50:

Blant utøverne er andelen gutter steget til 27 %. Turngruppen har 18 trenere totalt, der 11 er kvinner og 7 er menn. Totalt 6 medlemmer, hvorav 4 er kvinner og 2 er menn. Dette gir en prosentandel på 33 % menn.

4. Medlemsutvikling

Sammenlignet med 2020 har medlemsmassen i turngruppen steget med 25 medlemmer. Vi har ikke hatt treningstilbud til 6-åringene og 11-åringene fordi vi ikke har klart å rekruttere trenere.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Kvinner	125	162	136	124	139		
Menn	50 (29 %)	56 (26 %)	45 (25.5%)	42 (25,3%)	52 (27.2%)		
Totalt	175	218	180	166	191		

5. Arrangement

Alle eksterne og interne idrettsarrangement ble avlyst i 2021 av hensyn til smitte. Den 29.-31.10 ble det arrangeret Anleggs- og lederkonferanse på Sola. På konferansen deltok leder for hovedlaget i Trio samt gruppeleder i turn, i tillegg til to i prosjektgruppen fra kommunen. Vi fikk omvisning i anleggene på Sola og fikk også et møte med Stig Nilssen som er rådgiver utsyr og anlegg i NGTF.

6. Utvikling av kompetanse

Alle eksterne kurs ble avlyst. Vi valgte å lage forslag til treningsplan for partiene for barn opp til 10 år. I tillegg har flere av våre trenere tatt «Trenerattesten» i regi av Norges Idrettsforbund.

7. Neste års planer

Vi har dessverre ikke kommet i gang arbeidet med å lag en sportsplan for IL TRIO Turn. Alle våre trenere skal ta «Trenerattesten» som synliggjør de viktigste oppgavene og forventningene som stilles til trenere. For å beholde ungdommene i turngruppen lengst mulig, vil vi satse kompetanseheving av våre trenere innen breddekonseptet Salto samt å tilby våre ungdommer Sikringskurs

i Trampett og Tumbling. Vi har ikke rekruttert to ungdommer til styret som kan bidra til å utvikle turngruppen i den retning som de ønsker.

Vi ønsker å bli en mer inkluderende klubb. En av våre trenere har erfaring fra paraidrett i Oslo, og vil trolig bidra som trenere for denne gruppen til høsten. Oslo Turn skal ha et introduksjonskurs i paraturn 26.03 på Sotra Arena. Leder i turngruppen skal delta på kurset. Vi ønsker også å starte opp med baby-gym fra alderen 1-2 år. Vi har vært i kontakt med to personer som er interessert. Sola Turn er positive til at vi hospiterer hos dem for utvikling av tilbudet til denne gruppen.



Årsmøte i IL Trio Fotball

Triohuset torsdag 24.02.2022 kl. 19.00

Saksliste

1. Konstituering
2. Ingen innkommande saker
3. Årsmelding
4. Rekneskap

Årsmelding fotball gruppa 2021

Styret:

Fred Nilsen	Leiar
Mathias Ring	Nest og seniorleiar
Maria Santiago	Sekretær
Anne Helen Ripel	Ungdomsleiar
Ann Helen Høivik Skogseth	Økonomiansvarleg
Geir Atle Vangsnæs	Anleggsansvarleg
Lena Medhaug	Barn
Erna Mikkelsen	Jente/dame

Andre sentrale personar i klubben:

Per Einar Gjerding	Kvalitetsklubb
Eivind Nissestad	Trenarveiledar
Jan Olav Madsgård	Utstyrssansvarleg
Christer Pedersen	Rekrutteringsansvarleg
Håvard Skogseth	Buss
Oddvar Eikenes	Dommaransvarleg
Tor Arne Sunde	Vedlikehald Kvednabekkjen, buss og div.

Valkomité:

Valkomité IL Trio

Styrets årsmelding

Administrativt ved leiar Fred Nilsen

Det har også vore eit annleis år for Trio Fotball grunna Covid-19. Medlemstalet var ved årskiftet 509 stk. fordelt på 22 lag. I 2020 var det 578 medlemmar i fotballgruppa. Dette er ei reduksjon på 69 medlemmar. Vi har mista en god del medlemmer og dette er hovudsakelg jenter.

Styret har bestått av 7 medlemmar. Det har vore gjennomført ei rekke styremøte både med personleg oppmøte og på Teams. Mykje av styrearbeidet har handla om Covid-19 og gjennomføring av fotball sesongen 2021.

Fotballgruppa har også arbeida for å bli resertifisert som Kvalitetsklubb i 2021. Grunna Covid-19 fortset dette arbeidet i 2022. Dette er et tidkrevjande og omfattande arbeid.

Utval i klubben: kvalitetsklubb, senior, økonomi, sportsleg, barne og ungdom, dommar og anlegg. Utvala har ikkje vore dedikerte nok i 2021, dette arbeidet er særsviktig for å ha ei god drift i klubben. Ved eit normalt driftsår med gjennomføring av alle arrangement er det omlag 200 personar som bidreg med frivillig arbeid i fotballgruppa.

Vi har gjennomført et grasrot-trenarkursa del 1 i 2021. Dette er særsviktig for trenerkompetansen i fotballgruppa og må prioriterast i 2022.

Nytt miljøvennleg kunstgrasdekke blei installert på Kvednabekkjen juli 2021. Geir Atle Vangsnes og fotballeiar har vore særsviktige for å realisere dette prosjektet.

Det vert og arbeida med ny flombelysning i ledd på Kvednabekkjen. Dei høge straumprisane gjer at dette må prioriterast.

Det vert arbeidd med ny 11-er kunstgrasbane mellom Kvednabekkjen og Triohuset. Denne kan ikkje realiserast før etter at Kvinnherad Arena er ferdigstiltt.

Arrangement

Romjuls cup for vaksne, turneringar i Husneshallen og Husnes cup ble avlyst dette året pga Covid-19.

Det ble arrangert en rekke «cupdagar» i barne avdelinga. Lag frå store deler av kommunen har stilt med lag på disse cupdagane. Tusen takk til Lena Medhaug for strålende gjennomført.

TINE fotballskole blei arrangert 22-24 juni i strålende vær, over 100 jenter og gutter i aldersgruppa 6-12 år deltok. Fotballskolen var i år særdeles godt organisert og fotballstyret retter en stor takk til Christer Pedersen.



Fair play kamp

Fotballkretsen hadde meldt besøk til Trio G16-2 sin heimekamp mot Trott torsdag 28/10-21. Kretsen prøver kvar månad å peike ut fair play-kampar rundt om i Hordaland.



Årsmelding frå senioravdelinga

Herrelag årsmelding

Vi starta optimistisk opp med treningar første veka i januar, og såg for oss ei god oppkøyring før sesongstart i april. Men, korona ville noko anna.

Dei første månadane var det stort sett «akademitrening» som inneheoldt stort sett fysisk- og teknisk trening med minimalt kontakt, men gutane var positive og viste god innsats på kvar einaste trening. Slik gjekk stort sett våren, og deler av sommaren, heilt fram til beskjed om at det blei haustsesong. Då var det å kaste seg rundt og fikse nokre treningskampar. Fokuset var i all hovudsak å kose oss med fotball, og nyte at vi fekk spele kampar igjen.

Utgangspunktet for haustsesongen var jo at vi hadde god nok stall til å rykke opp, men litt stang ut dei to første kampane, såg vi at det blei tøft. Tross den litt kjedelege starten, fullførte vi sesongen med stil, og hadde fleire veldig gode kampar.

Sjølv om det blei ein amputert sesong, men mykje betre enn 2020 sesongen 😊, var det utruleg kjekt å få lov til å spele kampar igjen. Og til neste år håper vi på full sesong, som kanskje kan kronast med opprykk til 4. divisjon.

Det vi sitt igjen med frå 2021 sesongen er:

1. Endeleg fekk vi spele kampar igjen
2. Innsats og vilje, både på trening og kamp
3. Korleis vi framstod som lag i kampar. Positive og fair play!
4. Revansjesugne til sesongen 2022

Trenarteamet

Tore Olderkjær og Espen T Saghaug. Og takk til Bjarte som «sparringspartner» og sjåfør 😊

Damelag årsmelding

Laget har hatt 2 treningar i veka i perioden januar – oktober. Oppmøtet har vore noko lavare enn 2004-årgangen har hatt tidlegare. Dette ser vi på som naturleg i forhold til restriksjonar knytt til pandemien, deltidsjobbing, langtidsskade, samt noko flytting grunna skulegong. I snitt

har vi lagt på 8-9 på treningane, skulle gjerne hatt 13-15. Høgast treningsframmøte hadde Cecilie Medhaug med 95%.

I vårsesongen var det framleis ikkje opna opp for seriespel. Då avvikla vi ein intern Kvinnherad serie saman med Trio J17-2 og 2 lag frå Rosendal. Vi spelte totalt 4 kampar mot Rosendal der vi vann alle 4. I haust spelte laget 5. divisjon Hordaland, med eit historisk ungt lag med snittalder 17-18 år. Ut frå kva vi erfarte i 2019 i same divisjon, var nivået ein del høgare i år. Det positive var at alle kampane var særstakke jamne. Det var ikkje meir enn eitt mål forskjell mellom laga i nokon av kampane som vart spelt (2 av heimekampane fekk vi 3-0 då bortelag ikkje møtte). Dessverre var marginane litt i mot i fleire kampar og 4 av kampane enda med 1-måls tap med mål i mot i sluttminutta. Dermed enda vi opp med 10 poeng og ein 6. plass. Synna Holmedal Gjerding vann Grenda si kåring av Årets Spelar i Kvinnherad, ho vart også toppscorar på laget frå sin midtbaneposisjon med 4 mål. Gledeleg med årets spelar frå eit damelag for første gong sidan 2004!

Vi har hatt greit med spelarar til kampane, ikkje mindre enn 14 på dommarkortet. Vi har hatt med noko rutine, blant anna frå studentar i Bergen. Vi har også fått god hjelp av J17-laget – og har blant anna hatt 2 stk 15-åringar i aksjon i løpet av året. Desse har spelt seriekamper for laget i haust (27 spelarar):

Malin Lygre, June Svellingen Hammer, Ingeborg Stensletten Hagan, Ariana Quam, Mariel Musland Madsgård, Madel Holmedal Gjerding, Ester Djuvstad, Linnea Eide Rusten, Kristine Enæs Medhaug, Aria Haugsdal, Erna Mikkelsen, Lea Sofie Dalland, June Marie Sætre Bjelland, Cecilie Enæs Medhaug, Ida Lygre, Sofia Fjeldsbø Televik, Selma Kleveland Kvalheim, Mirka Jimenez Prieto, Synna Holmedal Gjerding, Emma Miranda Heggøy, Emma Saghaug Meling, Wiktoria Kondracka, Jenny Eide, Sophie Mehri, Leah Rønstad Mo, Annie Kloster, Ingeborg Ersland.

Hovudtrenar / Lagleiar: Per Einar Gjerding Hjelpetrenarar: Kristine Enæs Medhaug / Stig Eide Rusten

Samarbeidslag med Rosendal herrer

I 2021 var det einighet om å starte eit samarbeidslag med Rosendal. Rosendal hadde ikkje lag i 2020, og det vart etablert eit samarbeid med eit tilbod til dei som vil spela fotball, men som vil gjera det meir på gøy. Dette laget spelte i 7 divisjon. På det meste var det over 20 spelarar engasjert rundt laget.

Årsmelding Trio G19

Treningsoppmøte har ikkje vore tilfredsstillande men dei fleste har vore flinke til å gi beskjed ved forfall. G19 består av spelarar frå mange bygder. Sandvoll, Valen, Sunde, Husnes, Uskedalen Rosendal og Halsnøy er representert. Vi har fokus på å være et spelande lag . Øvelsar på trening speglar dette. Sette i gang spillet bakfra, spille ball tidleg og bevegelse rundt ballfører har det blitt trent og terpet på. Viktig at vi har det kjekt på treninger. Laget gjennomførte 6 kamper i 1 div Rogaland haustsesongen. 2 seire, 2 uavgjort og 2 tap. Vi endte på 5. plass i divisjonen så resultat messig har vi overprestert. Spelergruppa består av ein veldig kjekk og sosial gjeng. Det at dei er i overkant sosiale har nok godt ut over konsentrasjon og treningsinnsatsen. Fråfall har vi også i alderen 17-19 år men med tanke på 2005 kullet til klubben skal vi nok klare å beholde et ungt juniorlag i 2022 også.

Frode Blom, Christian Halvorsen, Fred Nilsen



FV: Anders B Eide, Nicolas Aasen Pedersen, Karsten Bjørnebøle, Martin Arnesen, Kristian Øvstebø, Anders Myklebust, Kristoffer Melstveit. **BV:** Steffen Sørtveit, Emil Solheim, Kristoffer Hauge, Vegard Jørgensen, Odin Harsvik Riped, Ole Smith, Sigurd Nilsen, Maikren Juus, Hallvar S Saghaug, Emil Voster

Christian Halvorsen, Frode Blom, Fred Nilsen.

Barne- og Ungdomsavdelinga

Me har hatt 22 treningsgrupper i barne og ungdomsavdelinga.

Både G19 og G14 har spelt i 1 divisjon Rogaland.

Følgjande lag har spelt i Sunnhordlandspuljer:

G13-1, G13-2, G16-1, G16-2, J13, J14, J17

I barneavdelinga har vi i løpet av sesongen fått fleire lag og nye håpefulle spelarar. Rekrutteringsdag rundt oppstartslaga fungerer godt og er svært viktig. Kartlegginga av spelarar og potensielle trenarar for laga på Husnes, Sunde og Valen bærer frukter. Desse har i lag med dei andre laga i barnefotballen hatt moglegheit til å delta på ulike minicupar som har vore arrangert rundt om i kommunen. Det spirer og gror godt i klubben vår!

Sjå vedlegg med utfyllande detaljar pr lag:

Trio fotball i 2022

Vi har ei sportsleg leiing i klubben vår. Dette håper vi resulterer i målretta arbeid på alle alderstrinn. Sportsplan skal være eit grunnlagsdokument der ein kan finne føringar for gjennomføring av trening på alle nivå.

Trenarforum vil være ein sentral møtestad for å innarbeide og påverke sportsplanen. Dei laga som ynskjer trenarrettleiar, vil få tilbod om dette.

Det er formelle kompetansekrav på trenarar og leiarar. Dette må vi tilstreba og etter leve. Dette er en del av kompetanseplanen vår og dette arbeidet må vi prioritere i 2022.

Anleggs -og utstyrsutvikling er ei sentral del av drifta i klubben vår. Ein ser heile tida på mogleheter for utvikling og oppgradering av eksisterande anlegg. Det vert også arbeida med ny flombelysning i ledd på Kvednabekkjen.

Ny 11-er kunstgrasbane mellom Kvednabekkjen og Triohuset er og ei prioritert oppgåve. Denne kan ikkje realiserast før etter at Kvinnherad Arena er ferdigstiltt.

Vi har stort potensiale på inntektsida både på sponsor og auka inntekter på arrangementa. Trio Fotball arbeider for å få på plass ein

marknadsansvarleg. Medan vi ventar på å få på plass denne personen er det fotballeiar som har utført dette. I hht sponsor avtalar som er på plass vil fotballgruppa ha ei inntekt på ca. 330.000kr i 2022.

Økonomi

2021 har også vore prega av Covid 19, og det viser att på resultatet til fotballgruppa.

Vi har og skifta dekke på Kvednabekkjen, og hatt ekstra utgifter til det. Dei fleste arrangement har òg blitt avlyst, men vi fekk arrangert Tine fotballskule i juni 2021.

Den totale kostnaden på Kvednabekkjen vart 4.248.841 inkl mva.

Største delen av denne kostnaden var gåver, tilskot mm, men litt av kostnaden er teke over drifta til fotballgruppa.

Pga nedgang i inntekter er resultatet for 2021 ca 400.000 mindre enn for 2020, dette viser att på driftsresultatet, som før avskriving er 30.535 kr i pluss.

Ann Helen Høivik
Økonomiansvarleg

Val 2021

Verv	Namn	2022
Leiar	Fred Nilsen	På val
Nest og seniorleiar	Mathias Ring	På val
Ungdomsleiar	Anne Helen Ripel	På val
Sekretær	Maria Santiago	På val
Kasserar	Ann Helen Skogseth	På val
Jenteansvarleg	Erna Mikkelsen	På val
Barnefotball	Lena Medhaug	På val
Anlegg	Geir Atle Vangsnæs	På val

Vedlegg:

Årsmelding frå laga i klubben, overgangar og adelskalender.

Årsmeldinger Ungdomsavdelinga 2021

Trio jenter 17

Jenter 2005 og 2006 har sidan hausten 2020 vore eit lag og i år vart det då J17 serie sjølv om ingen(nesten) var over 16 år i sesongen. Dette pga at Hordaand ikkje har 16 års serie.

Vi har trent 2 dager pr veke med veldig variert oppmøte. Korona etter virkninger og usikkerhet rundt kamper i vår sesongen må nok ta hovedskylda for dette. Det er fleire som har fått seg jobb og andre aktiviterer trekker og. Det har vore god utviking og fleire ting vi har jobba med i fleire år begynner vi no å sjå att i trening og kamp.

Vår sesongen vart det ikkje offisielt seriespel for oss, men det vart sett opp ein intern serie i Kvinnerad med 2 Trio lag beståande av 1 lag med 2004 og 1 lag med oss. Rosendal stilte og 2 lag med spelarar frå 2004 til 2006. Slik at det vart nokre kamper på våren og. På Hausten var det vanlig serie i 3 div. Serien begynte ikkje før 29 sept og siste kamp 21 november. Jevne og kjekke kamper. Vi vann 3 og tapte 4 slik at vi havna midt på tabellen.

Vi begynte sesongen med ca 18 spelarar på blokka. Utover våren vart det nokre som gav seg heilt og nokre var vedig lite med. Så vi måtte ta ein fot i bakken etter våren for å sjekke kor mange som faktisk ville vera med i haust. 14 stk melde at dei var med og var innforstått me at dei måtte då stilla på trening og kamp. Dette har gått bra, men vi hadde nok hatt probem dersom det ikkje vart 9er kamper og Nina kom til som er tysk utvekslings elev ved KVV. Spesielt sidan Damelaget måtte låna 3-4 spelarar pr kamp av oss. Men det har vore positivt og dei som har vore med damene har fått kjent litt på eit høgare nivå og ikkje minst tøffare fysisk spel. Dei har gjort ein veldig god figur som viser at dei kan takle nivået.

Det vart ingen cup i år pga Korona og lite påmeding i vår klasse i Regy cup. Det er veldig synd for desse jentene som har spelt forball i alle desse år og ikkje fått vera med på Norway cup eller andre store turneringer. Som plaster på såret tok vi ei overnatting i Bergen i forbindelse med siste bortekampen. Det vart svært vellukka og eg trur jentene storkote seg med shopping osv. på lørdagen og ein 6 -0 siger på søndagen! Eg håper at mange vil fortsette for alle desse jentene kan ha stor glede av å spela fotball framover og dei vil definitivt kunna bidra til at damefotballen i klubben får eit oppsving for alvor.

Desse spelarane har vore med i haust: Jenny C Eide, Leah Mo, Heda Eldi, Ellinor Isaac, Annie Kloster, Hava Eldi, Wiktoria Kondracka, Sophie Mehri, Sofie Amalie Øvstebø, Adele Askeland, Sofie Ness, Jasmin Hasan, Aurora Langeland, Ingeborg Ersland og Nina Matti

Kjell Magnar Eide, Kjell Inge Ersland

Trio gutter 16-1 og 2

Sesongoppsummering for Trio G15/16 Gutelaget har fullført sesongen med totalt 30 aktive gutter på blokka. Det er særleg imponerande, når vi berre var 26 ved inngangen til sommarferien, Men fleire har funne ut dei ville gjere come back og noko rett må vi gjere når stadig fleire gutter hiver seg med, og frammøtet på dei aller fleste er upåklageleg. Ein kjekk og stødig gjeng som er flinke til å støtte og ta vare på kvarandre. Vi har gjennomført

sesongen med to lag i seriespel og gutane har vore pliktoppfyllande. Forfall utan beskjed har knapt forekome og vi har ikkje hatt problem med å mønstre 15 gutter til kvar bidige kamp. I serien har vi hatt ei kjekk pulje i Sunnhordland, med turar til Stord, Bømlo, samt Rosendal, Odda og Tysnes. Veldig greitt å sleppe å måtte reise så langt. Elles var vi med på Regy Cup i Haugesund med to lag, og då tok vi oss råd til ei natt på hotell, sidan cupen ikkje kunne tilby skuleovernatting. Det vart ei fin helg med teambuilding, og det at vi slo 15- og 16-åringane saman til ei gruppe i vår, har vore særskilt vellukka. 16-årsklassen (2005) har alltid vore ei tynn gruppe gjennom ungdomsåra, så det er ekstra kjekt at vi no er oppe i 10 gutter av den sorten. Dei går no opp på juniornivå, og vi vonar veldig på at alle blir med der. Så blir dei 20 gutane som er 2006-modellar verande på G16 også neste år. Der skal vi nok bite godt frå oss. Håpar å kunne stille to lag i seriespel, og så skal vi endeleg på Norway Cup!

Geir Øystein Heggøy, Are Ulseth, Trond Thorsen

Trio jenter 14

